



camilla og Tone Reinertsen Hellesøy på bedehuset i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I morgon sundag klokka 18 blir det ein spesiell konsert på Systrene Nilsen - ein konsert med Camilla Myklebust (29) i samband med plateutgjevinga hennar som nyleg har skjedd.

Ho har lenge tenkt å gje ut ein cd og hatt draumen om at musikken hennar skal bli høyrd av mange. No er draumen iferd med å bli realisert. Dette er ein cd-slepp-konsert.

Sidan ho var liten har songen vore ein stor del av Camilla. I 2004 starta ho poprockbandet Esther i Bergen saman med klasseveninna Sara på kunstskulen og ga ut ein ep og 3 år etter eit heilalbum på eige selskap. Dei hadde med seg bassisten Endre og batteristen Jan-Arve.

Esther var eit populært gladband som fekk mange oppdrag, men så skjedde det noko som gav Camilla eit nytt perspektiv på livet. Ho kom heim til Uskedalen. Idag handlar musikken hennar om møtet med Jesus. Amerikansk folkrock er ved sidan av den glade budskapet den største musikalske inspirasjonen.

cd-en kom ut på fredag i førre veka og den inneheld 12 songar og ein bonus-song, fortel Camilla. Plata heiter 'Mesteren e her og spør itte deg'.

I innspelinga har ho hatt hjelp av fleire, ikkje minst Tone Reinertsen Hellesøy som også spelar ein bokstaveleg tala stor rolle under konserten i morgon. Andre som deltek i konserten er Tone Romse Bratland frå Vinje i Telemark som både syng og kveder

og Uskedal-trioen Hanne, Ann Helen og Ronja.
På plata er også
fleire med, mellom andre trommisen Sasja frå Danmark.

Av Ola Matti Mathisen



Camilla heime i Halsabrotet (Foto: Kvinnheringen)